



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

01 JUL 2014

Hordaland fylkeskommune  
Pb. 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kaisa Tonheim Banne - 55516273

Vår referanse:  
2014/045824-003

Dykkar referanse:  
2014/14882-1

Vår dato:  
26.06.2014

### Spørsmål om oppgradering av fv. 314 Bergsdalen - Oversendingsforslag i samferdselutvalet

Statens vegvesen viser til brev med oversendingsforslag frå Samferdselsutvalet datert 4. april 2014. Oversendingsforslaget var sett fram slik:

“ Ber om at fylkesrådmannen vurderer kva utfordringar som trengst for å oppgradere vegen til Bergsdalen”

Vegvesenet forstår spørsmålet slik at dette gjeld kva utfordringar som er på vegen for å kunne oppgradere strekninga frå Fv 314 frå Dale til Bulken. Våren 2013 gjorde vi målingar på Fv 314 Dale – Bergsdalen. Det vart oppdaga at ei bru, på strekninga frå avkjørsel ved Hodnaberg til Vaksdal grense, var feil klassifisert i utgangspunktet. Vegen vart difor nedklassifisert får BkT8 til Bk8. Dette inneber at tillaten totalvekt for køyretøy vart redusert frå 50 til 32 tonn. Det må først og fremst gjerast tiltak for å forsterke brua, for å kunne oppklassifisere vegen att. Vi reknar med at vi vil foreslå dette tiltaket på byggeprogrammet for 2015 under programområde Standardheving. Ei oppskrivning av vegen til annan bruksklasse (Bk10) er vanskeleg utan å utføre større tiltak på heile vegen.

I Samferdselsutvalet 4. juni vart det i tillegg stilt spørsmål om tunnelutbetring i Bergsdalen, samt å utbetre svake punkt på heile vegen. Det vart vist til at tunnelen i Storafjellet mellom Dale og Storefossen no er eit hinder for moderne turistbussar og andre køyretøy. Det vart vist til behov for omkjøringsvegar ved ras og andre uhell på E16 som stengjer vegen. Vidare at lokalt samfunns, arbeids- og næringsliv har vanskar med å få fram moderne kjøtetøy – både buss og godsbil.

I 2012 vart det utført ei større utbetring mellom Bulken og Skjeldal. I sommar skal me gjera ein del tiltak mellom Hamlagrø og Dale. Dei aller fleste av desse tiltaka, både i 2012 og i år, gjeld kantforsterkning og utbetring av grøfter, stikkrenner, svake murar, setningar mm. Det er likevel fleire enkeltpunkt utanom desse som er svake. Det vil likevel vere restriksjonar i både vogntoglengde og tunnelhøgder sjølv om vi får tilstrekkeleg bæreevne.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Ein auke i trafikkmengda som følgje av omkøyring for tungtransport slik vegen er i dag, vil slite hardt på vegdekke, murar og kantar. Ei utbetring av tunnelane for at denne vegen skal fungere som omkøyringsveg for tungtransporten, vil igjen medføre behov for omfattande utbetringstiltak på sjølve vegen. Etter vårt syn er det ikkje tilrådeleg å utbetre flaskehalsar (tunnelane) for tungtrafikken på denne vegen, utan at ein og gjer samanhengande utbetringar på heile strekninga. Utbetring av tunnelane utan samanhengande utbetringstiltak på heile vegen, vil på sikt føre til at vi må bruke vesentleg meir midlar til vedlikehald.

Vi vil ikkje foreslår å prioritere samanhengande utbetringstiltak på Fv 314. Denne vegen er ein del av det øvrige fylkesvegnettet. Dette vegnettet må haldast i stand, men det er på dei overordna fylkesvegane at vi, etter den regionale transportplanen for Hordaland, skal prioritere samanhengande utbetringstiltak.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing



Olav Finne  
Avdelingsdirektør



Kaisa Tonheim Banne